

Byggesak

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 56 37 50 00 Telefaks 56 37 50 01
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Mikal Lund

Søre Titlestad 117
5243 FANA**Dykkar ref.****Sakshandsamar:**

Nina Bakanova

Vår ref.2013/1699 - 0 -
2756/2014**Telefon****Arkivkode:**

245/12

Dato:

05.02.2014

*Delegert sak***Dispensasjon og løyve til tiltak - etablering av parkeringsplass Gbnr 245/12 Stranda****Vedtak 1**

Kommunen gjev dispensasjon frå pbl § 11-6 (rettsverknad av kommuneplanen sin arealdel) og pbl § 1-8 (forbod mot tiltak mv.langs sjø og vassdrag) for etablering av parkeringsplass på Gbnr 245/12, jf § 19-2.

Vedtak 2

Kommunen gjev løyve til etablering av parkeringsplass i samsvar med kart og skildring mottatt 13.05.2013, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-2.

Det er tiltakshavar sitt fulle ansvar at arbeida vert utført i samsvar med plan- og bygningslova og at forskrifter til lova vert følgt. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Søknaden

Søknaden gjeld etablering av parkeringsplass på Gbnr 245/12. Samla BYA er 42 m².

Nabotilhøve og andre sine kommentarar

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

Uttale frå andre mynde

Det ligg føre førehandstilsegn frå Teknisk drift av 06.05.2013 som gjeld avkjørsle frå kommunal veg, førehandstilsegn frå Statens vegvesen av 13.05.2013 med krav om å utbetre eksisterande avkøyrsløse og uttale frå Teknisk drift av 22.01.2014 som gjeld sikt i avkjørsle. Vi gjer merksam på at alle vilkår stilt i ovannemnde dokument må vere stetta.

Plangrunnlag

Eigedomen vert omfatta av arealdelen i kommuneplanen vedtatt 22.09.2011 og ligg i LNF-område og innafør 100-meters beltet.

Veg og tilkomst

Avkjørsla skal opparbeidast slik at den tilfredsstillar tekniske krav til utforming som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», §§ 40-43 i Veglova, samt vegnormal 017 med tilhøyrande handbøker. Det vert blant anna sett krav til utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein kan snu på eigen grunn. Ytterligere informasjon vedkommande tekniske krav finn ein på www.lovdatab.no og www.vegvesen.no

Avkjørsla skal etablerast i samsvar med krav stilt i Teknisk drift sitt uttale av 22.01.2014 og førehandstilsegn frå Teknisk drift av 06.05.2013. Avkjørsle skal vere plassert som vist på vedlagt kart datert Teknisk drift, VVA, 06.05.13.

Visuell utforming

Tiltaket har etter plan- og bygningsstyresmakta sitt skjøn gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til si funksjon og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf plan- og bygningslova § 29-2.

Plassering og høgdeplassering

Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar. Parkeringsplassen vert godkjent plassert slik det går fram av kart motteken her 13.05.2013.

Dispensasjonar

Det er eit føresetnad for å kunne gje dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 at omsyna bak reglane det vert dispensert frå ikkje blir vesentleg sett til sides. Dei ulike reglane i planer har som oftast blitt til gjennom ein omfattande vedtaksprosess. Det skal derfor ikkje vera ei kurant sak å fråvika desse, også for at planen sitt hovudføremål som overordna informasjons- og vedtaksgrunnlag ikkje skal undergravast. Fordelane ved å gje dispensasjon må vera klart større enn ulempene etter ei samla vurdering, jf § 19-2 andre ledd. Det vil normalt ikkje vera høve til å gje dispensasjon når omsyna bak reglane det vert søkt dispensasjon frå framleis gjer seg gjeldande med styrke.

Det er søkt om dispensasjon frå pbl § 11-6 (rettsverknad av kommuneplanen sin arealdel) og pbl § 1-8 (forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag) for etablering av parkeringsplass på Gbnr 245/12, jf § 19-2.

Tiltakshavar kjem med følgjande grunngjeving for å få dispensasjon:

Parkeringsplass:

Biloppstilling/parkering for tilkomst til eiendommen har i alle år foregått langs offentlig vei og dette har ikke vært en god løsning i forhold til trafiksikkerhet. For å få ryddet opp i denne situasjonen samt få til en løsning som tilfredsstillar de krav som kommuneplanens arealdel 2011-2030 setter til parkering på egen grunn for nye fritidseiendommer, ønsker vi å anlegge en parkeringsplass på 42m² (6*7m) på eiendommen. Parkeringsplassen vil bli etablert på eiendommens øvre del (like ved offentlig vei) slik at den i praksis ikke vil fremstå som et inngrep i strandlinjen eller ytterligere privatisere strandsonen.

Situasjonen i dag er at tomta ikkje har ein tilfredstillande parkeringsordning, og biler vart stående langs vegen i området. Dette på ein uheldig måte påverkar trafiksikkerhet og føre til urimeleg bruk av egedomen.

Administrasjonen finn at ved å etablere parkeringsplass vil dette kunne løyse parkeringsproblemet med minimalt med terrenginngrep. Vi gjer merksam på at parkeringsplass ikkje kan etablerast langs veg.

Plan- og bygningsstyresmaktene finn på dette grunnlag at vilkåra for dispensasjon i pbl § 19-2 er oppfylt. Søknad om dispensasjon vert godkjent.

Oppsummering og konklusjon

- Ut frå ei samla vurdering finn administrasjonen å kunne gå inn for det omsøkte tiltaket på dei vilkår som er angitt i løyve.

Gebyr

Søknadspålagt tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ.

Skildring

Antal Beløp

Skildring	Antal	Beløp
C.4.1 Dispensasjon frå fleire føresegner gitt i eller i medhald av Pbl		7.500,-
C.5.2.q Parkeringsplass på terreng inntil 15 billar		3.500,-
C.1.1 Bruk av kartbasis		500,-
Totalt gebyr å betala		11.500,-

Klagerett.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Siril Sylta
konstituert fagleiar

Nina Bakanova
sekretær